

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/6184-1

## **Fv. 55 Hovdetunnelen - søknad om fråvik frå krav til storleik på teknisk bygg**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet godkjenner fråvik frå krav til storleik på teknisk bygg ved fv. 55 Hovdetunnelen.

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Handbok N500 Vegtunnelar.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Historikk - tidlegare vedtak

Fylkestinget handsama Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet, sak 54/2015, 8. desember 2015, der bl.a. Hovdetunnelen på fv. 55 er følgt opp med løyvingar i 2018.

#### Grunnen for at saka er fremja

Fv. 55 Hovdetunnelen skal oppgraderast i samsvar med tunnelsikkerhetsforskrifta.

Krav til storleik på teknisk bygg er gjeve i handbok N500 Vegtunnelar. Kravet er gjeve i kap. 9.1.5 Tekniske bygg, der krav til storleik er innvendig mål lik  $L \times B = 23\text{m} \times 5\text{m}$ .

Dette er eit «skal»-krav og skal i følge Delegerings- og innstillingsreglementet avgjerast av fylkesutvalet.

Statens vegvesen ønskjer å bygge nytt teknisk bygg på utsida av tunnelen med innvendig storleik som avvik frå kravet.

#### Sentrale problemstillingar

Den tomte som er mest høveleg med omsyn til sikt og tryggleikssone rommar ikkje eit bygg som tilfredsstiller krav i N500 kap. 9.1.5. Eit bygg med mål i samsvar med kravet vil medføre store kostnader til sprenging i bratt fjellside, samt behov for sikring av berg med boltar og fanggjerde.

Det er prosjektert eit teknisk bygg med innvendig mål lik  $L \times B = 20\text{ m} \times 3,98\text{ m}$ .

Statens vegvesen vurderer at bygget det søkjast fråvik for rommar behovet for å kome til i skap/tavler og føringsvegar, og i tillegg kan romme ytterlegare installasjonar og skap.

Fråviksnemnda i Statens vegvesen tilrår dette fråviket fordi det må vere høve til å tilpasse storleik etter behov, og viser til at kravet i N500 baserer seg på eit standard teknisk bygg som

skal passe i alle typar tunnelar. Dei viser til at løysinga som er lagt til grunn synest å vere funksjonell og tilpassa den situasjonen som er for den aktuelle tunnelen.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Konsekvensar for teknisk kvalitet

Ingen konsekvensar.

### Konsekvensar for sikkerheit (for trafikantar)

Bygget blir i sin heilskap plassert utanfor sikkerheitssona til fylkesveg 55.

### Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS

Ingen konsekvensar for miljø. I høve HMS slepp ein risikofylt aktivitet med sprenging, reinsk og sikring av bergvegg.

### Konsekvensar for estetikk

Ingen konsekvensar

### Konsekvensar for økonomi

Prosjektet sparar midlar til å sprengje og sikre fjellskjering for å utvide tomta til eit bygg med storleik det ikkje er trong for. Dette er rekna til ca. 1,7 mill.kr eks. mva.

### Konsekvensar for framkomst

Ingen konsekvensar

### Avbøtande tiltak

Det er ikkje trong for avbøtande tiltak for det fråviket det er søkt om.

## **3. Konklusjon**

Det er i hovudsak økonomiske omsyn som gjer at Statens vegvesen ønskjer å fråvike krava i vegnormalen.

Fylkesrådmannen støttar Statens vegvesen si tilråding om fråvik frå krav til storleik på teknisk bygg ved fv. 55 Hovdetunnelen.